

Egil Eidsnes
Eidsnesvegen 107
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykker:
Vår: 14/5046 - 14/23381

Saksbehandlar:
Kristin Nielsen
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:
17.10.2014

Løyve til tiltak - gbnr 215/2 Eidsnes ytre – påbygg på bustad

Administrativt vedtak. Saknr: 315/14

Tiltakshavar: Egil Eidsnes
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (tbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av påbygg/vinterhage med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 23,8 m². Det vert elles vist til søknad motteken 19.08.2014.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 19.08.2014 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (tbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål, omsynssone landbruk. Tiltaket er påbygg på våningshus på bruk i drift.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon då det er i tråd med LNF-føremålet, jf. pbl § 11-7 nr 5 a).

Nabovarsel

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for varsling til eigarane av naboeigedommane. Ein finn at deira interesser ikkje vert råka av arbeidet.



Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 11.07.2014. På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 20 meter. Avstand til offentleg veg er opplyst å vere 23 meter.

Det er søkt om å plassere påbygget/vinterhagen på eksisterande altan, med topp golv på kote ca. + 5,65.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Tiltakshavar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket vil ikkje endre karakteren på den eksisterande bygningen, og har etter kommunen sitt skjønn tilfredsstillande visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

Søknad, ansvarsrettar og tiltaksklasse

Tiltaket er omsøkt etter pbl § 20-2, men er av kommunen endra til søknad etter pbl § 20-1 då søknad om påbygg og fasadeendring ligg innunder denne paragrafen.

Tiltaket vert frittatt frå krav om ansvarsrett, jf pbl § 23-1. Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med ansvarsrett i dette høvet.

Kommunen har vurdert tiltaket og godkjenner det i tiltaksklasse 1.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 a) og c) vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring av påbygg/vinterhage på følgjande vilkår:

1. **Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 11.07.2014 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
2. **Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med heimel i SAK § 9-3.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/5046

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg soknar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.3.1	Basisgebyr	1	Kr 6 200,-
Totalt gebyr å betala			Kr 6 200,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Kristin Nielsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lyder Konrad Leithaug

Mottakarar:

Egil Eidsnes

Eidsnesvegen 107 5913

EIKANGERVÅG